



STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM  
Utne  
5779 UTNE

Dato: 22.05.2018  
Vår ref.: 2017/14814-21  
Saksbehandlar: steotto  
Dykkar ref.:

Att. Heidi Richardson

## S/J Mathilde - Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy 2018 - Underretting om tildeling

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy.

Søknaden vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 24.04.2018, sak 52/18.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok å gje eit tilskot på **kr 100.000,-** av fylkeskommunale midlar, budsjettpost 10.400.650.09 og frå statsbudsjettet 2018 kap 1429 post 74.

### Grunnjeving

SJ Mathilde vert mykje brukt til turar med born og unge. Det betyr fokus på tryggleiksutstyret, men og ettersyn og vedlikehald av rigg/segl, noko som syner att i kostnadsbiletet.

### Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgande år.

### Rapportering

Tilskotsmottakar skal rapportera om status innan utgangen av tildelingsåret og endeleg rapport må innleverast innan 15. november i det påfølgande år.

Rapporten skal innehalde:

- Relevant dokumentasjon som klart viser korleis drift og forvaltning er gjennomført og om måla er nådd
- Utgreiing av gjennomført drift og eventuelle avvik frå budsjett/planen for arbeidet
- Rekneskap med oversikt over kostnader og samla finansiering, spesifisert på:
  - o Stat/fylkeskommune
  - o Kommune
  - o Tilskot frå andre offentlege organ (t.d. Kulturrådet, Kulturminnefondet)
  - o Anna finansiering (spesifisert)
  - o Eigeninnsats/eigen finansiering

Søkjar skal elles varsle fylkeskommunen dersom ein ønsker å gjere vesentlege avvik frå søknaden.

Om tilskotsmottakar er knytt til revisor og tilskotet er kr 300 000 eller høgare, skal tilskotsmottakar også sende inn revidert årsrekneskap, signert av tilskotsmottakar, evt. ved styret. Det krevjast også særattestasjon frå revisor på rekneskapen og evt. timelister knytt til arbeidet/tiltaket/prosjektet.

Fylkeskommunen kan uavhengig beløp på tilskotet krevje at det vert sendt inn kopiar av bilag til rekneskapet.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomstsyn. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at utbetalingar vert haldne attende og at vedtaket om tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

#### ***Mislegthalde***

Om kostnadene vert rimelegare enn budsjettet i søknad, eller om drifta ikkje vart gjennomført etter føresetnadene, skal dei overskytande midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom mottakar gir uriktige opplysningar eller det ligg føre vesentlege avvik frå søknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle kreyjast ført attende heilt eller delvis.

#### ***Arbeidsgjevaransvar***

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei som skal utføra arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søker, som må forskottera utbetalinga.

#### ***Utbetaling***

Utbetaling skal normalt skje etter oppmoding frå mottakar av tilskotet saman med rapport og rekneskap. Forskotsutbetaling kan avtalast særskilt.

#### ***Klage/partsinnsyn***

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi legg ved skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.